

Representant Per Jarle Kosior Valvatne (A) har sendt spørsmål til møtet i SAMO 25.11.2020. I e-post datert 19.11.20 skriv han:

«Hyllestad er ein av dei kommunane som har store utfordringar med standaren på det sekundære fylkevegnettet. Mange av vegane deira er kun klassifisert for kjøyretyg opp til 12,5 meter. Dette gjer det vanskelge for verksemndene i kommunen å drive effektivt då kostnadane med transport vert monaleg høgare enn om ein kunne kjørt med lengde 19,5. Hyllestad næringsråd har fått utarbeida ein oversikt over mindre utbetringar som kan gjerast for å oppklassifisera deler av vegnettet. Denne rapporten er formidla til vår vegavdeling. Kva er status på dette arbeidet? Vil enkelte av desse strekningane verta prioritert av administrasjonen?»

Svar frå fylkesdirektøren:

Fylkesdirektør for samferdsel hadde møte med Hyllestad kommune 05.10.2020 der fleire av problemstillingane som er teke opp i spørsmålet til Valvatne blei drøfta.

Fylkesdirektøren har sett på dei vegane som er høgst prioriterte av Hyllestad kommune, for å gjere ei skjønsmessig vurdering av om bruksklassane kan endrast og kva som eventuelt må til for å kunne endre bruksklassane. Utan at noko er bestemt, har vi gjort overslag over kostnadane på dei ulike tiltaka som er spelte inn frå kommunen. Desse tiltaka er såpass kostbare at det må setjast av midlar til dei i komande budsjetta dersom dei skal gjennomførast.

Bruksklassane på vegnettet er regulert i veglistene. Veglistene er det Statens Vegvesen som har ansvaret for, og desse vert oppdaterte to gonger i året. Vestland fylkeskommune kjem med innspel om endringar på sine vegar. Fylkeskommunen får årleg inn mange saker med ynskje om å oppdatere vegklassen. For at ein veg skal få endra bruksklasse, må vegstandard, kurvatur, vegoppbygning, bruer og kulvertar vere dimensjonerte for dette. Dersom det ikkje er det, må ein gjere tiltak før ein kan endre bruksklassen.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg har sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe med veglistene/endring av bruksklassar. Den skal vere tverrfagleg og kunne vurdere dei ulike vegstrekningane og svare ut innkommande saker, samt gje innspel til Statens vegvesen ved oppdateringar.

Vi kan ikkje per dags dato seie om vegane i Hyllestad kommune vert prioriterte, då vi må sjå på alle vegane i fylket under eitt.